



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	17.06.2026
Møtetid:	15:00 - -20:45
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Kristian Semmingsen Lerøy	medlem	AP	(inne for R. Ulvøy – permisjon)
Anette Kaland	medlem	AP	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Kristoffer Myklebusthaug	MEDL	H
Oskar Nordgard	MEDL	H
Renee Hansen Semmingsen	MEDL	SAM
Frank Erik Øksnes	MEDL	U

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti
Odd-Marthin Totland	vara for Oskar Nordgard	H
Dag Arne Solberg	vara for Kristoffer Myklebusthaug	H
Kari Anne Fadnes	vara for Frank Erik Øksnes	INP
Tore Svendsen	vara for Renee Semmingsen	SAM
Sjur Brandtun	vara for Kristian Semmingsen Lerøy frå 15.00 til 19.30, og så for Ann Kristin Leirvåg frå 19.30 til 20.45.	AP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore

Asbjørn Nagell Toft

Bjarte Rosenlund

Trine Merete Jansen

Anne Hildegunn Færøy

Britt Mary Skaalevik Lerøy

møtesekretær

plansjef

kommunalsjef

kommunalsjef

kommunalsjef

kommunedirektør

Gjester:

Geir Underhaug, Vestlandsrevisjon

Jan Erik Espelid, leiar i kontrollutvalet

Sissel Mary Frotjold, Alver barnevern

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 31/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 17. juni 2026	
PS 32/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå 12. mai 2026	
PS 33/2026	Referatsaker til kommunestyremøtet 17. juni 2026	
RS 19/2026	Årsrapport 2025 Region Nordhordland og årsrapport 2025 Nordhordland Unesco Biosfære	
RS 20/2026	Møteprotokoll Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27. mai 2026	
RS 21/2026	Møteprotokoll Eldrerådet 26. mai 2026	
RS 22/2026	Gjeldsrapport per 20. april 2026	
RS 23/2026	Gjeldsrapport per 31. mai 2026	
OS 5/2026	Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 17. juni 2026	
PS 34/2026	Forvaltningsrevisjon økonomistyring og kostnadsutvikling 2026	
PS 35/2026	Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt	
PS 36/2026	Mandat for landbruksfagrådet i Austrheim kommune	
PS 37/2026	Uttale frå Austrheim kommune knytt til NOU 2026: 4 -Kjernekraft i Norge -Høyring	
PS 38/2026	Svar på høyring - forslag til endringer i valgloven - kretsvis opptelling	
PS 39/2026	Årsrekneskap 2025	
PS 40/2026	Årsberetning 2025	
PS 41/2026	Tertialrapport 1 - 2026 med budsjettjustering	
PS 42/2026	Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2027	
PS 43/2026	Vigselsmynde i Austrheim kommune	

PS 44/2026 Reduksjon av elbilrabatten i Nordhordlandspakken

PS 45/2026 Sommarfullmakt 2026

PS 31/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 17. juni 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 31/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 17. juni 2026
Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Monika Thorpe (Ap) ba om at sak 37/2026 vert utsett (saka heiter: Uttale frå Austrheim kommune knytt til NOU 2026: 4 -Kjernekraft i Norge -Høyning). Thorpe viste til at denne høyringsuttalen ikkje har vore handsama i partigruppene eller i formannskapet, slik at saka ikkje har vore diskutert mellom dei folkevalde.

Det vart klargjort at det er mogleg å handsama denne saka over sommaren, sidan høyringsfristen er 8. oktober. Saka kan handsamast i formannskapet 20. august og i kommunestyret 10. september.

Semje om at denne saka kan utsetjast.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg om at sak 37/2026 vert utsett til første møterunde over sommaren.

Vedtak i sak 31/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 17. juni 2026

Kommunestyret - 17.06.2026

Innkalling og sakliste vart godkjent. Sak 37/2026 vert utsett til første møterunde over sommaren.

PS 32/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 12. mai 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå 12. mai 2026 vert godkjent.

Sak 32/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 12. mai 2026

Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 32/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 12. mai 2026

Kommunestyret - 17.06.2026

Møteprotokollen frå 12. mai 2026 vart godkjent.

PS 33/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 17. juni 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert teke til vitande.

Sak 33/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 17. juni 2026

Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 33/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 17. juni 2026

Kommunestyret - 17.06.2026

Referatsakene vart teke til vitande.

RS 19/2026 Årsrapport 2025 Region Nordhordland og årsrapport
2025 Nordhordland Unesco Biosfære

RS 20/2026 Møteprotokoll Råd for menneske med nedsett
funksjonsevne 27. mai 2026

RS 21/2026 Møteprotokoll Eldrerådet 26. mai 2026

RS 22/2026 Gjeldsrapport per 20. april 2026

RS 23/2026 Gjeldsrapport per 31. mai 2026

OS 5/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret
17. juni 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

Sak 5/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 17. juni 2026

Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Orienteringssaker ved kommunedirektøren/andre:

- Johan Löfstedt, Sweco, orienterte om mulighetsstudien for nytt Helse- og omsorgstun i Austrheim.
- Sissel M. Frotjold, leiar av Alver barnevern, orienterte om årsrapporten for 2025. Rapporten ligg ved innkallinga.

- Tore Svendsen (Samlingslista) spurte om Frotjold er nøgd med politikarane i Alver som styrer barnevernet. Her svara Sissel Frotjold at det er ei utfordring når behovet er auka frå år til anna utan at ressursane vert auka, medan ein samstundes forventar like rask handsaming.
- Terje Håland (Ap) spurte om det er slik at ein får rekrutteringsproblem til barnevernet på grunn av hets mot dei tilsette. Her svara Sissel Frotjold at sjølv om aktivistar ikkje får medhald i domsapparatet, så roar det seg ikkje. Det er belastande at det blir spreidd flyers med informasjon som ikkje stemmer med fakta. For rekruttering er det slik at det er ein del som vegrar seg for å søka på grunn av hetsen. Skal tåla faktabasert diskusjon, men ikkje hets!
- Status omstilling/nedbemanning, kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte og sa at ein håpar å få dette avgjort før ferien.
- Status lønsforhandlingar, kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte og sa kommunen var budd, men det blei ikkje streik. Ventar på svar frå Uravstemming i lønsoppgjæret i kommuneoppgjæret. Austrheim har sett av 6 millionar kroner til lønsauke i 2026, men med 4,4 prosent kan det vera at det er for lite.
- Felles løns- og rekneskapskontor i IKT NH-regionen, kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte og sa at det er jobba ein del med dette over tid. Austrheim kommune har no svara at ein ikkje ønskjer å gå vidare i dette arbeidet. Har ikkje så mange tilsette på løn og rekneskap, og dei som er der er viktige for å følgja økonomien og støtta einingsleiarane. Fleire andre kommunar har trekt seg, og det er usikkert om samarbeidet blir realisert.
- Aufera, kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte og sa at Nav legg om sitt opplegg og vil ha dei tilsette i denne typen verksemdar ut i det ordinære arbeidslivet. Det er sett på ulike løysingar for endringar i samarbeid og eventuell samanslåing med Kim og Gløde. Dette arbeidet er no utsett av kommunestyret i Alver. Viktig å ha rett kompetanse i Aufera framover.
- Avviksrapport, kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte, jamfør vedlegget med avvik per utgangen av mai månad.
- Økonomirapport mai, kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte jamfør vedlegget med avvik per utgangen av mai månad.
- Status investeringar og prosjekt, kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte:
 - Solend-Førland, ventar på BKK og straum. Plan er overlevering til fylket ved slutten av juni.

- Fartshumpar Skotneset, planlagt gjennomført over ferien.
- VA Kystlandsbyen og Blodvika, har klar ny utbyggingsavtale med utbygger med nokre mindre endringar, men ikkje så store at den treng ny politisk handsaming. Arbeidet skal prosjekterast og kjem så til politisk handsaming til hausten.
- Oppgradering tilfluktsrom Kaland kjem til hausten i samband med budsjettet.
- Oppgradering vasstårnet, må sjå nærare på dette. Er vatn i tårnet i dag, men må gjera noko med tilstanden. Arbeidet skal ut på anbod før sommaren. Ser på løysing med sveist duk på innsida, skal gje 30 års forlenga levetid.
- Tilstand og prioriteringar for VA-anlegga, jamfør eigen presentasjon som ligg ved saka.
 - Ordførar Morten Sognnes (H) og kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy skrytte av innsatsen som vart gjort ved dei siste vassleidningsbrota. Reidar Øksnes (Sp) spurte om beredskap hjå den enkelte, kommunalsjef Rosenlund støtta at den enkelte tek vare på til dømes takvatn til forbruk dersom vatnet fell ut. Øksnes (Sp) spurte også om kor lett det er å finna lekkasjar i private leidningar, her svara Rosenlund at det kan vera vanskeleg å finna. Monika Thorpe (Ap) spurte om vassmålarar. Rosenlund stadfesta at det ikkje er så lett å lokalisera lekkasjar, men det vil vera enklare med fleire vassmålarar.
- Omsorgsbustader (Allstad/Coop). Lukka sak, med orientering om tilboda som er gitt så langt. Administrasjonen vil førebu sak til formannskapet 20. august/kommunestyret 10. september.
- Tomteval for ny Austrheim vidaregåande skule, ordførar Morten Sognnes orienterte om at vedtaket i fylkestinget er at ein går for alternativet ved dagens skule. Men fylket skal også sjå vidare på verftstomta, under føresetnad av at dette ikkje går ut over framdrifta i prosjektet, slik at prosjektet går som planlagt.
- Nye rutinar for avvikling av politiske møte, ordførar Morten Sognnes sa at ein etter sommaren vil bruka mindre tid på gjennomgangen av sakene, forventar at dei folkevalde har lest gjennom sakene og førebudd seg, og berre treng forklaring om dei har spørsmål. Reidar Øksnes (Sp) spurte om det er behov for å ha oftare møte med færre saker, for å oppnå at ein rekk å setta seg inn i ting, og for å ha gode diskusjonar.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 5/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 17. juni 2026
Kommunestyret - 17.06.2026

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

PS 34/2026 Forvaltningsrevisjon økonomistyring og kostnadsutvikling 2026

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapporten til orientering og sluttar seg til revisor og kontrollutvalet sine tilrådingar og ber kommunedirektøren:

- 1.Følge opp tilrådingene i rapporten, avsnitt 7.2
- 2.Gje ein skriftleg framdriftsplan til kontrollutvalet innan 30.09.2026. Planen skal vise når og korleis tilrådingane skal følgast opp.
- 3.Gje skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 28.02.2027 om korleis tilrådingane er følgt opp.

Sak 40/2026 Forvaltningsrevisjon økonomistyring og kostnadsutvikling 2026
Formannskapet - 04.06.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Rapporten vert gjennomgått i kommunestyret 17. juni, der stiller revisor som har laga rapporten.

For denne typen saker er det kontrollutvalet som innstiller til kommunestyret (som forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar, budsjettet til Kontrollutvalet). Formannskapet endrar ikkje innstillinga, og den går til kommunestyret med Kontrollutvalet som det utvalet som innstiller til vedtak.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Formannskapet sender saka til kommunestyret med Kontrollutvalet si innstilling til vedtak.

Vedtak i sak 40/2026 Forvaltningsrevisjon økonomistyring og kostnadsutvikling 2026

Formannskapet - 04.06.2026

Kommunestyret tek rapporten til orientering og sluttar seg til revisor og kontrollutvalet sine tilrådingar og ber kommunedirektøren:

1. Følge opp tilrådingene i rapporten, avsnitt 7.2
2. Gje ein skriftleg framdriftsplan til kontrollutvalet innan 30.09.2026. Planen skal vise når og korleis tilrådingane skal følgast opp.
3. Gje skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 28.02.2027 om korleis tilrådingane er følgt opp.

Sak 34/2026 Forvaltningsrevisjon økonomistyring og kostnadsutvikling 2026

Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Leiar i kontrollutvalet, Jan Erik Espelid, orienterte om at det er gjort ein forvaltningsrevisjon, gjennomført av Vestlandsrevisjon.

Geir Underhaug, Vestlandsrevisjon, orienterte om saka, jamfør arbeidet som er gjort, og rapport som vert ettersendt til kommunestyret.

Per Lerøy (Ap) takka for orienteringa, og sa at rapporten må følgjast opp på alle nivå i kommunen. Ein kan peika på kommunedirektøren, men det går også tilbake på politikarane. Politikarane må sjå på vedtaka dei gjer, vera meir presise og etterspørja resultat av dei vedtaka som er gjort. Blir meir arbeid, både for dei folkevalde og administrasjonen. Må våga å ta fatt i det som ikkje vert gjennomført, og våga å stoppa prosjekt som er sette i gang. Organisasjonen må ha openheit i alle ledd. Dette vert eit krevjande arbeid. Viste til at det er det som står i sjølve vedtaket i den enkelte saka som skal følgjast opp av administrasjonen, ikkje det som er sagt frå talarstolen. Har nok skjedd at det er sagt ting frå talarstolen, og det har vore semje politisk, men det kom ikkje i vedtaket. Når det gjeld forvaltningsrapporten så er det i fleire år vist til undervegs i året at økonomien er under kontroll, men så viser det seg at det likevel vert ei overskriding. Forvaltningsrapporten viser at det har vore overskridingar på innkjøp og løn, medan inntekter har vore som budsjettert. Det som krevst no er at kommunedirektøren, administrasjonen elles og dei folkevalde jobbar tett saman, kan ikkje leva med at ein får ein smell på 10 millionar kvart år.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 34/2026 Forvaltningsrevisjon økonomistyring og kostnadsutvikling 2026
Kommunestyret - 17.06.2026

Kommunestyret tek rapporten til orientering og sluttar seg til revisor og kontrollutvalet sine tilrådingar og ber kommunedirektøren:

1. Følgje opp tilrådingene i rapporten, avsnitt 7.2
2. Gje ein skriftleg framdriftsplan til kontrollutvalet innan 30.09.2026. Planen skal vise når og korleis tilrådingane skal følgast opp.
3. Gje skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 28.02.2027 om korleis tilrådingane er følgt opp.

PS 35/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek skisserapporten for nytt helse- og omsorgstun, utarbeidd av Sweco, til vitande.
2. Kommunestyret konstaterer at skisseprosjektet i hovudsak svarar ut bestillinga frå kommunestyret om å greie ut to alternative løysingar:
 - a) nybygg der tenestene vert samla på eigna tomt
 - b) rehabilitering og nybygg ved Nordliheimen.
3. Kommunestyret avsluttar med dette skisseprosjektfasen for prosjektet nytt helse- og omsorgstun.
4. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren si vurdering om at dagens prosjekt for eit samla og omfattande nytt helse- og omsorgstun ikkje vert vidareført til forprosjekt, konkurransegrunnlag eller byggjevedtak no. Bakgrunnen er kommunen si økonomiske bereevne, investeringsnivået i skisseprosjektet og den samla risikoen i prosjektet.
5. Kommunestyret tek til vitande at kommunen arbeider vidare med moglege løysingar for omsorgsbustader, areal til heimetenesta og dagtilbod til personar med demens i dialog med eksterne aktørar. Desse løysingane skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren, i samband med rullering av handlings- og økonomiplanen, vurdere om det bør etablerast eit avgrensa og eige prosjekt for

realisering av ny sjukeheim i Austrheim kommune, og ny sak med framlegg til finansiering, framdriftsplan og prosjektorganisering.

Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i behovet for framtidsretta sjukeheimsplassar, forsvarleg drift og nødvendige støttefunksjonar, men skal ikkje byggje på føresetnaden om eit omfattande nytt helse- og omsorgstun med full samlokalisering av alle aktuelle tenester

7. Kommunestyret legg til grunn at organisering prosjekt Nytt helse og omsorgstun, og mandatet for Levekårsutvalet som styringsgruppe har vore knytt til arbeidet med skissefasen av prosjektet. Når skisseprosjektfasen no vert avslutta, vert også denne organiseringa, med Levekårsutvalvet si rolle som styringsgruppe avslutta. Dersom det vert aktuelt å etablere eit nytt eller meir avgrensa prosjekt for framtidig sjukeheim og omsorgsløysingar, skal kommunedirektøren kome tilbake med forslag til mandat og organisering for politisk handsaming.

Sak 11/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt
Levekårsutvalet - 21.05.2026

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund la fram saka jf. saksutgreiinga.

Forslag frå Levekårsutvalet: Vi kan vi lage ei pressemelding etter vedtak i kommunestyret, for å sikre rett informasjon ut til innbyggjarane.

Leiar Terje Håland gikk gjennom kvart punkt i framlegg til vedtak. Punkta vart drøfta og utvalet vart einig om følgjande framlegg til vedtak:

Punkt 1 - 4 ingen endringar i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Punkt 5 - Endring, legg inn "sjukeheim", slik at setninga blir slik: **Kommunestyret tek til vitande at kommunen arbeider vidare med moglege løysingar for sjukeheim, omsorgsbustader, areal til heimetenesta og dagtilbod til personar med demens i dialog med eksterne aktørar. Desse løysingane skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.**

Punkt 6 - Endring ta vekk siste avsnitt, slik at setninga blir slik:

Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i behovet for framtidsretta sjukeheimsplassar, forsvarleg drift og nødvendige støttefunksjonar,

Punkt 7 - Endring, ny tekst i siste avsnitt, slik at punktet vert slik:

Kommunestyret legg til grunn at organisering prosjekt Nytt helse og omsorgstun, og mandatet for Levekårsutvalet som styringsgruppe har vore knytt til arbeidet med skissefasen av prosjektet. Når skisseprosjektfasen no vert avslutta, vert også denne

organiseringa, med Levekårutalvet si rolle som styringsgruppe avslutta. Når det vert aktuelt å etablere eit nytt eller meir avgrensa prosjekt for framtidig sjukeheim og omsorgsløysingar, skal kommunedirektøren kome tilbake med forslag til mandat og organisering for politisk handsaming. I den samanheng skal Levekårsutvalet bli involvert i tråd med gjeldande reglement.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 11/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt
Levekårsutvalet - 21.05.2026

Levekårsutvalet si uttale:

Punkt 1 - 4 ingen endringar i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Punkt 5 - Endring, legg inn "sjukeheim", slik at setninga blir slik: **Kommunestyret tek til vitande at kommunen arbeider vidare med moglege løysingar for sjukeheim, omsorgsbustader, areal til heimetenesta og dagtilbod til personar med demens i dialog med eksterne aktørar. Desse løysingane skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.**

Punkt 6 - Endring, ta vekk siste avsnitt, slik at setninga blir slik:
Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i behovet for framtidsretta sjukeheimsplassar, forsvarleg drift og nødvendige støttefunksjonar.

Punkt 7 - Endring, ny tekst i siste avsnitt, slik at punktet vert slik:
Kommunestyret legg til grunn at organisering prosjekt Nytt helse og omsorgstun, og mandatet for Levekårsutvalet som styringsgruppe har vore knytt til arbeidet med skissefasen av prosjektet. Når skisseprosjektfasen no vert avslutta, vert også denne organiseringa, med Levekårutalvet si rolle som styringsgruppe avslutta. Når det vert aktuelt å etablere eit nytt eller meir avgrensa prosjekt for framtidig sjukeheim og omsorgsløysingar, skal kommunedirektøren kome tilbake med forslag til mandat og organisering for politisk handsaming. I den samanheng skal Levekårsutvalet bli involvert i tråd med gjeldande reglement.

Sak 12/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 27.05.2026

Handsaming:

Leiar Bodil Monslaup la fram saka og rådet drøfta framlegget.

Framlegg om å legg til eit punkt i framlegg til vedtak: Dersom kommunestyret vedtek at der er Furulyvegen som skal prioriterast, må det tenkjast nytt "Vestlia" i nær tilknyting til helse- og omsorgstunet.

Leiar i rådet refererte framlegg til vedtak med ekstra punkt 8: Dersom kommunestyret vedtek at det er Furulyvegen som skal prioriterast, må det tenkjast nytt "Vestlia" i nær tilknyting til helse- og omsorgstunet.

Handsaming i råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i sak 12/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 27.05.2026

1. Kommunestyret tek skisserapporten for nytt helse- og omsorgstun, utarbeidd av Sweco, til vitande.
2. Kommunestyret konstaterer at skisseprosjektet i hovudsak svarar ut bestillinga frå kommunestyret om å greie ut to alternative løysingar:
 - a) nybygg der tenestene vert samla på eigna tomt
 - b) rehabilitering og nybygg ved Nordliheimen.
3. Kommunestyret avsluttar med dette skisseprosjektfasen for prosjektet nytt helse- og omsorgstun.
4. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren si vurdering om at dagens prosjekt for eit samla og omfattande nytt helse- og omsorgstun ikkje vert vidareført til forprosjekt, konkurransegrunnlag eller byggjevedtak no. Bakgrunnen er kommunen si økonomiske bereevne, investeringsnivået i skisseprosjektet og den samla risikoen i prosjektet.
5. Kommunestyret tek til vitande at kommunen arbeider vidare med moglege løysingar for omsorgsbustader, areal til heimetenesta og dagtilbod til personar med demens i dialog med eksterne aktørar. Desse løysingane skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.

6. Kommunestyret ber kommunedirektøren, i samband med rullering av handlings- og økonomiplanen, vurdere om det bør etablerast eit avgrensa og eige prosjekt for realisering av ny sjukeheim i Austrheim kommune, og ny sak med framlegg til finansiering, framdriftsplan og prosjektorganisering. Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i behovet for framtidsretta sjukeheimsplassar, forsvarleg drift og nødvendige støttefunksjonar, men skal ikkje byggje på føresetnaden om eit omfattande nytt helse- og omsorgstun med full samlokalisering av alle aktuelle tenester.
7. Kommunestyret legg til grunn at organisering prosjekt Nytt helse og omsorgstun, og mandatet for Levekårsutvalet som styringsgruppe har vore knytt til arbeidet med skissefasen av prosjektet. Når skisseprosjektfasen no vert avslutta, vert også denne organiseringa, med Levekårsutvalvet si rolle som styringsgruppe avslutta. Dersom det vert aktuelt å etablere eit nytt eller meir avgrensa prosjekt for framtidig sjukeheim og omsorgsløysingar, skal kommunedirektøren kome tilbake med forslag til mandat og organisering for politisk handsaming.
8. Dersom kommunestyret vedtek at det er Furulyvegen som skal prioriterast, må det tenkjast nytt "Vestlia" i nær tilknytning til helse- og omsorgstunet.

Sak 10/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjektte
Eldrerådet - 26.05.2026

Handsaming:

- Rådsleiar Jan Ove Synnevåg refererte saka.
- Hege Ramsland orienterte om kva kommunestyret har hatt oppe og bedt om vidare.
- Saksprotokollen frå Levekårsutvalet vart vist til eldrerådet.
- Rapporten frå skisseprosjektet vart drøfta av eldrerådet.
- Leiar Jan Ove Synnevåg: Det har vore god involvering og grundig gjennomgang i saka. Det er naturleg at ein no avventar innspel frå Coop og Allstad.

Torbjørn Husby: Eldrerådet bør vere med i eit forprosjekt om det blir aktuelt.

Rådsleiar Jan Ove Synnevåg refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i rådet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 10/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjektte
Eldrerådet - 26.05.2026

1. Kommunestyret tek skisserapporten for nytt helse- og omsorgstun, utarbeidd av Sweco, til vitande.
2. Kommunestyret konstaterer at skisseprosjektet i hovudsak svarar ut bestillinga frå kommunestyret om å greie ut to alternative løysingar:
 - a) nybygg der tenestene vert samla på eigna tomt
 - b) rehabilitering og nybygg ved Nordliheimen.
3. Kommunestyret avsluttar med dette skisseprosjektfasen for prosjektet nytt helse- og omsorgstun.
4. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren si vurdering om at dagens prosjekt for eit samla og omfattande nytt helse- og omsorgstun ikkje vert vidareført til forprosjekt, konkurransegrunnlag eller byggjevedtak no. Bakgrunnen er kommunen si økonomiske bereevne, investeringsnivået i skisseprosjektet og den samla risikoen i prosjektet.
5. Kommunestyret tek til vitande at kommunen arbeider vidare med moglege løysingar for omsorgsbustader, areal til heimetenesta og dagtilbod til personar med demens i dialog med eksterne aktørar. Desse løysingane skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren, i samband med rullering av handlings- og økonomiplanen, vurdere om det bør etablerast eit avgrensa og eige prosjekt for realisering av ny sjukeheim i Austrheim kommune, og ny sak med framlegg til finansiering, framdriftsplan og prosjektorganisering.

Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i behovet for framtidsretta sjukeheimsplassar, forsvarleg drift og nødvendige støttefunksjonar, men skal ikkje byggje på føresetnaden om eit omfattande nytt helse- og omsorgstun med full samlokalisering av alle aktuelle tenester
7. Kommunestyret legg til grunn at organisering prosjekt Nytt helse og omsorgstun, og mandatet for Levekårsutvalet som styringsgruppe har vore knytt til arbeidet med skissefasen av prosjektet. Når skisseprosjektfasen no vert avslutta, vert også denne organiseringa, med Levekårutalvet si rolle som styringsgruppe avslutta. Dersom det vert aktuelt å etablere eit nytt eller meir avgrensa prosjekt for framtidig sjukeheim og omsorgsløysingar, skal kommunedirektøren kome tilbake med forslag til mandat og organisering for politisk handsaming.

Sak 45/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt
Formannskapet - 04.06.2026

Handsaming:

Kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy, og kommunalsjef samfunn og utvikling Bjarte Rosenlund, orienterte om saka. Det vart vist ein presentasjon, som er lagt til i saksvedlegga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 45/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt
Formannskapet - 04.06.2026

Formannskapet støttar Levekårsutvalet, og har som innstilling til vedtak i kommunestyret:
(*Levekårsutvalet sine endringar i kursiv*)

Punkt 1 - 4:

- Ingen endringar i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

1. Kommunestyret tek skisserapporten for nytt helse- og omsorgstun, utarbeidd av Sweco, til vitande.
2. Kommunestyret konstaterer at skisseprosjektet i hovudsak svarar ut bestillinga frå kommunestyret om å greie ut to alternative løysingar:
 - a) nybygg der tenestene vert samla på eigna tomt
 - b) rehabilitering og nybygg ved Nordliheimen.
3. Kommunestyret avsluttar med dette skisseprosjektfasen for prosjektet nytt helse- og omsorgstun.
4. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren si vurdering om at dagens prosjekt for eit samla og omfattande nytt helse- og omsorgstun ikkje vert vidareført til forprosjekt, konkurransegrunnlag eller byggjevedtak no. Bakgrunnen er kommunen si økonomiske bereevne, investeringsnivået i skisseprosjektet og den samla risikoen i prosjektet.

Punkt 5:

- Endring, legg inn "sjukeheim", slik at setninga blir slik: Kommunestyret tek til vitande at kommunen arbeider vidare med moglege løysingar for sjukeheim, omsorgsbustader, areal til heimetenesta og dagtilbod til personar med demens i dialog med eksterne aktørar. Desse løysingane skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.

5. Kommunestyret tek til vitande at kommunen arbeider vidare med moglege løysingar for omsorgsbustader, areal til heimetenesta og dagtilbod til personar med demens i dialog med eksterne aktørar. Desse løysingane skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.

Punkt 6:

- Endring, ta vekk siste avsnitt, slik at setninga blir slik: Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i behovet for framtidsretta sjukeheimsplassar, forsvarleg drift og nødvendige støttefunksjonar.

6. Kommunestyret ber kommunedirektøren, i samband med rullering av handlings- og økonomiplanen, vurdere om det bør etablerast eit avgrensa og eige prosjekt for realisering av ny sjukeheim i Austrheim kommune, og ny sak med framlegg til finansiering, framdriftsplan og prosjektorganisering.

Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i behovet for framtidsretta sjukeheimsplassar, forsvarleg drift og nødvendige støttefunksjonar, men skal ikkje byggje på føresetnaden om eit omfattande nytt helse- og omsorgstun med full samlokalisering av alle aktuelle tenester

Punkt 7:

- Endring, ny tekst i siste avsnitt, slik at punktet vert slik: Kommunestyret legg til grunn at organisering prosjekt Nytt helse og omsorgstun, og mandatet for Levekårsutvalet som styringsgruppe har vore knytt til arbeidet med skissefasen av prosjektet. Når skisseprosjektfasen no vert avslutta, vert også denne organiseringa, med Levekårutalvet si rolle som styringsgruppe avslutta. Når det vert aktuelt å etablere eit nytt eller meir avgrensa prosjekt for framtidig sjukeheim og omsorgsløysingar, skal kommunedirektøren kome tilbake med forslag til mandat og organisering for politisk handsaming. I den samanheng skal Levekårsutvalet bli involvert i tråd med gjeldande reglement.

7. Kommunestyret legg til grunn at organisering prosjekt Nytt helse og omsorgstun, og mandatet for Levekårsutvalet som styringsgruppe har vore knytt til arbeidet med skissefasen av prosjektet. Når skisseprosjektfasen no vert avslutta, vert også denne organiseringa, med Levekårutalvet si rolle som styringsgruppe avslutta. Dersom det vert aktuelt å etablere eit nytt eller meir avgrensa prosjekt for framtidig sjukeheim og omsorgsløysingar, skal kommunedirektøren kome tilbake med forslag til mandat og organisering for politisk handsaming.

Sak 35/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt
Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Terje Håland (Ap) la fram saka som leiar av Levekårsutvalet og som leiar av styringsgruppa for arbeidet med nytt helse- og omsorgstun.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksdokumenta og ein eigen presentasjon som er lagt til i saka. Presiserte at dette handlar om mykje meir enn berre eit bygg, men først og fremst om det behovet som skal dekkast.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om det utgreiingsarbeidet som er gjort.

Terje Håland (Ap) la fram dei endringar som Levekårsutvalet/styringsgruppa hadde til framlegg til vedtak.

Endringane frå Levekårsutvalet/Formannskapet er i vedtaket tatt inn i kommunedirektøren sitt framlegg.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for Levekårsutvalet/Formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 35/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt
Kommunestyret - 17.06.2026

1. Kommunestyret tek skisserapporten for nytt helse- og omsorgstun, utarbeidd av Sweco, til vitande.
2. Kommunestyret konstaterer at skisseprosjektet i hovudsak svarar ut bestillinga frå kommunestyret om å greie ut to alternative løysingar:
 - a) nybygg der tenestene vert samla på eigna tomt
 - b) rehabilitering og nybygg ved Nordliheimen.
3. Kommunestyret avsluttar med dette skisseprosjektfasen for prosjektet nytt helse- og omsorgstun.
4. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren si vurdering om at dagens prosjekt for eit samla og omfattande nytt helse- og omsorgstun ikkje vert vidareført til forprosjekt, konkurransegrunnlag eller byggjevedtak no. Bakgrunnen er kommunen si økonomiske bereevne, investeringsnivået i skisseprosjektet og den samla risikoen i prosjektet.

5. Kommunestyret tek til vitande at kommunen arbeider vidare med moglege løysingar for sjukeheim, omsorgsbustader, areal til heimetenesta og dagtilbod til personar med demens, i dialog med eksterne aktørar. Desse løysingane skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.

6. Kommunestyret ber kommunedirektøren, i samband med rullering av handlings- og økonomiplanen, vurdere om det bør etablerast eit avgrensa og eige prosjekt for realisering av ny sjukeheim i Austrheim kommune, og ny sak med framlegg til finansiering, framdriftsplan og prosjektorganisering. Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i behovet for framtidsretta sjukeheims plassar, forsvarleg drift og nødvendige støttefunksjonar.

7. Kommunestyret legg til grunn at organisering prosjekt "Nytt helse og omsorgstun", og mandatet for Levekårsutvalet som styringsgruppe har vore knytt til arbeidet med skissefasen av prosjektet. Når skisseprosjektfasen no vert avslutta, vert også denne organiseringa, med Levekårsutvalet si rolle som styringsgruppe avslutta. Når det vert aktuelt å etablere eit nytt eller meir avgrensa prosjekt for framtidig sjukeheim og omsorgsløysingar, skal kommunedirektøren kome tilbake med forslag til mandat og organisering for politisk handsaming. I den samanheng skal Levekårsutvalet bli involvert i tråd med gjeldande reglement.

PS 36/2026 Mandat for landbruksfagrådet i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Kommunestyret vedtek mandat for landbruksfagrådet i Austrheim slik dei ligg føre.

Sak 39/2026 Mandat for landbruksfagrådet i Austrheim kommune

Formannskapet - 04.06.2026

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Per Lerøy (Ap) spurte om møtesekretær, Asbjørn Toft stadfesta at dette er ivareteke.

Per Lerøy (Ap) etterlyste at mandatet tar opp i seg at det skal jobbast med auka sjølvforsyningsgrad med tanke på beredskap, det var semje om at dette vert lagt inn i mandatet før handsaminga i kommunestyret 17. juni 2026.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) etterlyste om fiskarane burde hatt eit medlem i rådet, plansjef Toft sa at det kan ein ta inn ved å ta med "primærnæringane" i namnet for rådet. Semje om dette.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt reviderte framlegg til vedtak

Vedtak i sak 39/2026 Mandat for landbruksfagrådet i Austrheim kommune

Formannskapet - 04.06.2026

Kommunestyret vedtek mandat for landbruksfagrådet i Austrheim. Til kommunestyret 17. juni skal mandatet justerast for å femna om at det skal jobbast for auka sjølvforsyningsgrad, med tanke på beredskap. Mandatet skal vidare justerast slik at andre primærnæringar som til dømes fiskarar også vert dekkja

Sak 36/2026 Mandat for landbruksfagrådet i Austrheim kommune

Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det skal presiserast at den politisk valde representanten er valde for fire år, medan dei andre er valde for andre periodar, alt etter kva val som vert gjort av organisasjonane dei representerer.

Tore Svendsen (Samlingslista) spurte om det er fast at det er kommunen sin representant som skal vera leiar, og om det skal stå kven som er sekretariat. Plansjef Asbjørn Tot sa at det kan ein notera inn i teksten av det er den kommunale representanten som er leiar. Det er landbrukskontoret som kallar inn og skriv referat. Reidar Øksnes (Sp) sa at i tidlegare mandat har det stått at det var slik at den kommunale representanten var leiar. Kan sjå på dette i samband med ny periode etter valet i 2027.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak, med tillegg om at det skal skrivast inn at den folkevalde representanten følgjer kommunestyreperioden.

Vedtak i sak 36/2026 Mandat for landbruksfagrådet i Austrheim kommune

Kommunestyret - 17.06.2026

Kommunestyret vedtek mandatet for landbruksfagrådet i Austrheim, med dei justeringar som er gjort etter handsaminga i formannskapet.

Det skal skrivast inn at den folkevalde representanten følgjer kommunestyreperioden.

PS 37/2026 Uttale frå Austrheim kommune knytt til NOU 2026: 4 - Kjernekraft i Norge -Høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune viser til saksutgreiinga under som er kommunen sin formelle uttale knytt til Energidepartementet si høyring på Kjernekraftutvalgets utredning NOU 2026:4 «Kjernekraft i Norge?» Det er i stor grad tema **Kjernekraft i det norske energisystemet og økonomi** Austrheim kommune har sin uttale på.

Sak 37/2026 Uttale frå Austrheim kommune knytt til NOU 2026: 4 -Kjernekraft i Norge - Høyring
Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Denne saka vart utsett, jamfør vedtak i sak 31/2026.

Vedtak i sak 37/2026 Uttale frå Austrheim kommune knytt til NOU 2026: 4 -Kjernekraft i Norge -Høyring
Kommunestyret - 17.06.2026

Denne saka vart utsett.

PS 38/2026 Svar på høyring - forslag til endringer i valgloven - kretsvis opptelling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim rår til at gjeldande ordning for mottak og oppteljing av førehandsrøyster blir vidareført, og at det ikkje blir innført løysingar som i praksis både vil gjera valavviklinga vanskelegare, og gje veljarane ei negativ oppleving av valet.

Sak 46/2026 Svar på høyring - forslag til endringer i valgloven - kretsvis opptelling
Formannskapet - 04.06.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 46/2026 Svar på høyring - forslag til endringer i valgloven - kretsvis opptelling
Formannskapet - 04.06.2026

Kommunestyret i Austrheim rår til at gjeldande ordning for mottak og oppteljing av førehandsrøyster blir vidareført, og at det ikkje blir innført løysingar som i praksis både vil gjera valavviklinga vanskelegare, og gje veljarane ei negativ oppleving av valet.

Sak 38/2026 Svar på høyring - forslag til endringer i valgloven - kretsvis opptelling
Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 38/2026 Svar på høyring - forslag til endringer i valgloven - kretsvis opptelling
Kommunestyret - 17.06.2026

Kommunestyret i Austrheim rår til at gjeldande ordning for mottak og oppteljing av førehandsrøyster blir vidareført, og at det ikkje blir innført løysingar som i praksis både vil gjera valavviklinga vanskelegare, og gje veljarane ei negativ oppleving av valet.

PS 39/2026 Årsrekneskap 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sak 42/2026 Årsrekneskap 2025
Formannskapet - 04.06.2026

Handsaming:

Rådgjevar Jill Kaland orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Disposisjonsfondet er per no nede på 0,7 prosent av årssomsetnaden, må jobba for å få dette opp igjen.

Per Lerøy (Ap) viste til at det er viktig å ha ein god dialog med KLP, for å unngå at det kjem overraskingar i samband med utgiftene kommunen har til pensjon.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 42/2026 Årsrekneskap 2025
Formannskapet - 04.06.2026

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap for 2025.

Sak 39/2026 Årsrekneskap 2025

Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) sa at det er veldig ryddig og greitt rekneskap som er sett opp på ein ryddig måte, sjølv om resultatet ikkje var slik ein hadde ønskt. Lerøy viste til at det på side 21 i årsberetninga at kommunen har stilt ein simpel garanti til Sætremarka Burettslag, her har kommunestyret tidlegare gjort vedtak om at det skal stillast ein sjølvskuldnargaranti, under føresetnad av at Statsforvaltar gjev godkjenning.

Kommunedirektøren undersøker om dette har gått i orden.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 39/2026 Årsrekneskap 2025

Kommunestyret - 17.06.2026

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap for 2025.

PS 40/2026 Årsberetning 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sak 43/2026 Årsberetning 2025

Formannskapet - 04.06.2026

Handsaming:

Rådgjevar Jill Kaland orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 43/2026 Årsberetning 2025

Formannskapet - 04.06.2026

Kommunestyret tek årsberetninga for 2025 til vitande.

Sak 40/2026 Årsberetning 2025

Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 40/2026 Årsberetning 2025

Kommunestyret - 17.06.2026

Kommunestyret tek årsberetninga for 2025 til vitande.

PS 41/2026 Tertialrapport 1 - 2026 med budsjettjustering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport og gjeldsrapport pr april til vitende.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar:

Sak 41/2026 Tertialrapport 1 - 2026 med budsjettjustering

Formannskapet - 04.06.2026

Handsaming:

Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Legg mellom anna opp til å flytta kostnad til lærlingar frå kommunedirektør til det enkelte ansvarsområde der lærlingane faktisk er.

Per Lerøy (Ap) viste til at det må jobbast med budsjettering til sosiale utgifter, og kjøp av tenester. Skatteinngangen har variert, men det har blitt kompensert av endringar i rammetilskotet.

Kommunedirektør Lerøy viste til at det er sett av for lite til vedlikehald av bygg og anlegg. Elles er det litt usikkerheiter kring utgifter til barnevern, der det så langt i år er ein kostnad på 800.000 kroner som ikkje er rekneskapsført.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 41/2026 Tertialrapport 1 - 2026 med budsjettjustering

Formannskapet - 04.06.2026

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport og gjeldsrapport pr april til vitende.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar:

Sak 41/2026 Tertialrapport 1 - 2026 med budsjettjustering

Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 41/2026 Tertialrapport 1 - 2026 med budsjettjustering

Kommunestyret - 17.06.2026

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport og gjeldsrapport pr april til vitende.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar:
 - a) Flytte lærlingbudsjettet ut av sentral eining under kommunedirektør og ut i ulike einingar.

Flytte frå	Ansvar	Lærlingar	-1 764 468
Flytte til	Ansvar	HR og øk	5 000
Flytte til	Ansvar	Årås skule	191 955
Flytte til	Ansvar	Kystbhg	131 074
Flytte til	Ansvar	Nordliheim	1 001 330
Flytte til	Ansvar	Heimetenesta	323 406
Flytte til	Ansvar	Arbeid og inkl	111 703
		Sum	-

- b) Flytte restbudsjett ut av hjelpemiddellageret over til eigedomsforvaltning pga oppgradering av kjellaren Kanserdalen, der kostnadane til vert belasta.

Flytte frå	Ansvar	Hjelpemiddel lager	-216 980
Flytte til	Ansvar	Eigedomsforvaltning	216 980
		Sum	-

3. Finansrapport pr april 2026 vert tatt til vitande.

PS 42/2026 Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar til vitende budsjettforutsetninger for budsjett 2027, som er gitt i revidert nasjonalbudsjett for 2026.

Sak 44/2026 Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2027
Formannskapet - 04.06.2026

Handsaming:

Rådgjevar Jill Kaland orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 44/2026 Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2027
Formannskapet - 04.06.2026

Kommunestyret tok til vitande budsjettforutsetninger for budsjett 2027, som er gitt i revidert nasjonalbudsjett for 2026.

Sak 42/2026 Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2027
Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 42/2026 Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2027

Kommunestyret - 17.06.2026

Kommunestyret tok til vitande budsjettforutsetninger for budsjett 2027, som er gitt i revidert nasjonalbudsjett for 2026.

PS 43/2026 Vigselsmynde i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy vigselsmynde. Vigselsmyndet gjeld så lenge Britt Skaalevik Lerøy er tilsett i Austrheim kommune, eller til det vert gjort anna vedtak.

Sak 47/2026 Vigselsmynde i Austrheim kommune

Formannskapet - 04.06.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 47/2026 Vigselsmynde i Austrheim kommune

Formannskapet - 04.06.2026

Kommunestyret gir kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy vigselsmynde. Vigselsmyndet gjeld så lenge Britt Skaalevik Lerøy er tilsett i Austrheim kommune, eller til det vert gjort anna vedtak.

Sak 43/2026 Vigselsmynde i Austrheim kommune

Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 43/2026 Vigselsmynde i Austrheim kommune

Kommunestyret - 17.06.2026

Kommunestyret gir kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy vigselsmynde. Vigselsmyndet gjeld så lenge Britt Skaalevik Lerøy er tilsett i Austrheim kommune, eller til det vert gjort anna vedtak.

PS 44/2026 Reduksjon av elbilrabatten i Nordhordlandspakken

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til at nullutsleppsrabatten for bilar i takstgruppe 1 i bompengereinskrevjinga i Nordhordlandspakken vert redusert frå 50 % til 30 % av ordinær takst.

Sak 48/2026 Reduksjon av elbilrabatten i Nordhordlandspakken

Formannskapet - 04.06.2026

Handsaming:

Administrasjonen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 48/2026 Reduksjon av elbilrabatten i Nordhordlandspakken

Formannskapet - 04.06.2026

Kommunestyret sluttar seg til at nullutsleppsrabatten for bilar i takstgruppe 1 i bompengeinnskrevjinga i Nordhordlandspakken vert redusert frå 50 % til 30 % av ordinær takst.

Sak 44/2026 Reduksjon av elbilrabatten i Nordhordlandspakken

Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 44/2026 Reduksjon av elbilrabatten i Nordhordlandspakken

Kommunestyret - 17.06.2026

Kommunestyret sluttar seg til at nullutsleppsrabatten for bilar i takstgruppe 1 i bompengeinnskrevjinga i Nordhordlandspakken vert redusert frå 50 % til 30 % av ordinær takst.

PS 45/2026 Sommarfullmakt 2026

Sak 45/2026 Sommarfullmakt 2026

Kommunestyret - 17.06.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, og refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 45/2026 Sommarfullmakt 2026

Kommunestyret - 17.06.2026

Kommunestyret gir med heimel i kommunelova § 6-1 ordførar (og varaordførar i ordførars fråvær) fullmakt til å avgjera saker som hastar og som ikkje er av prinsipiell betydning i kommunestyrets sommarferie (sommarfullmakt).

Gjeld saka eit ansvarsområde som eit anna folkevald organ enn kommunestyret har endeleg vedtaksmynde i (som formannskapet) vil dette organets sommarferie avgrensa gitt fullmakt.

Om det er avgjort saker etter fullmakt, skal desse leggest fram som referatsak for kommunestyret i møtet torsdag 10. september.